



# ÅRSPLAN 2021/2022



**ROM FOR ALLE OG  
BLIKK FOR DEN  
ENKELTE**

Årsplanen er godkjent i SU 06.10.2021

**BJØRNA  
FJØRDEN**



KOMMUNE

## Innhald

Kort presentasjon av barnehagen	s.3
Barnehagen sine styringsdokument	s.3
Verdiar i Bjørnafjorden kommune	s.3
Omsorg, leik, danning og læring	s.3
Satsingsområder i dei kommunale barnehagane	s.4
Dei sju fagområda	s.5
Barn si medverknad	s.5
Planlegging, vurdering og dokumentasjon	s.6
Overgangar	s.7
Foreldresamarbeid	s.7
Samarbeidspartnarar	s.8
Pedagogisk årshjul	s.9

## Kort presentasjon av barnehagen:

Strandvik barnehage er ein middels stor barnehage, med luftige og lyse lokale, plassert i hjarta av Strandvik, vegg i vegg med Strandvik Montessoriskule, like ved butikken, kyrkja, idrettsbanen, Grendahuset og parken. Dette året er det 29 barn hos oss og 9-11 vaksne.

Skog, fjell, sjø og akebakke har vi like utanfor døra. Utfordrande og flotte turplassar fra yngst til eldst. Vi har satsingsområde på sosial kompetanse, og det mest grunnleggjande hos oss er at vi skal ha det godt saman. Arbeidet med dette gjennomsyrrer dagane våre, og handlar om korleis me er mot kvarandre og snakkar saman.

## Barnehagen sine styringsdokument:

- Lov om barnehagar med føringar for drift av barnehagen.
- Rammeplan for barnehagar med retningslinjer for verdigrunnlag, innhald og oppgåvene til barnehagen.
- Lokale styringsdokument som gjeld barnehage.
- FNs Barnekonvensjon
- Forskrift om miljøretta helsevern
- Overgangsplan
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden kommune
- Månadsplan
- Kompetanseplan for tilsette

## Verdiar i Bjørnafjorden kommune:

- Vi lyttar med respekt
- Vi finn smarte løysingar
- Vi gjer det vi seier
- Vi er inkluderande

## Omsorg, leik, danning og læring

*Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. ( Rammeplanen 2017)*

### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Vi skal ha eit nært og tett foreldresamarbeid med kort veg til å kontakte kvarandre om smått og stort.
- Vi skal gjennom grunnleggjande verdiar rettleie borna til respekt for mennesket og naturen, empati, tilgjenvnad, likeverd, inkludering og solidaritet gjennom trygge rollemodellar og speiling.
- Vi vaksne skal støtte borna i sin forskning og undring mot modige, sjølvstendige og ansvarlege deltakare i fellesskapet.
- Borna skal møte ein leikande arena, og gjennom denne utvikle sansane sine, tillit, trivsel, glede og meistring aleine og saman med andre. Dei vaksne observerer, organiserer, deltar og inspirerer gjennom å vere aktive deltakare på borna sine premisser.

## Satsingsområder i dei kommunale barnehagane:

### Livsmeistring:

*Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. ( Rammepleanen 2017)*

Dei kommunale barnehagane i Bjørnefjorden kommune har kompetansehevingsplan for arbeid med psykososialt barnehagemiljø. Dette arbeidet går over perioden 2020 – 2022.

### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- V har stoppunkt for å sjå at vi er på sporet: på personalmøter med hjelp av praksisforteljingar og evaluering, planleggingsdagar og pedagogmøter, ved gjennomgang av vekeplan, månadsplan, tema, prosjekt eller gjennom faste rutinar.
- Vi har fokus på dei vaksne i barnehagen, deira rolle, og på rutinar og strukturer i barnehagekvardagen. Kvar enkelt vaksen skal være bevisst sitt forhold til kvart enkelt barn.
- Vi fortset vårt sterke fokus i barnehagen på relasjonsbygging mellom barn og tilsette.
- Gjennom arbeid på personalmøter og i planleggingstid skal rutinen «psykososialt barnehagemiljø (PBLmentor) vere eit levande dokument i barnehagen som alle dei tilsette kjenner godt.
- Personalet er merksam på alle typer mobbing, og ekstra merksam når det gjeld «forsiktig utestenging» (ikke alltid så synleg).
- Dei vaksne skal bruke praksisfortellingar og andre verktøy på personalmøter for å ha fokus på borna sin trivsel. Barnehagen skal synleggjere overfor foreldre og innhente synspunkt/openheit for påverknad i foreldresamtalen, hente/bringesituasjonen og i foreldremøtet.

### Bærekraftig utvikling:

*Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. ( Rammepleanen 2017)*

### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Vi undrar oss, samtaler og opplever natur/ dyreliv/ levande liv rundt oss i nærmiljøet.
- Vi kjeldesorterer og vi pantar.
- Vi har kjøkkenhage der vi dyrkar våre egne grønnsaker.
- Vi plukkar boss og ryddar etter oss i nærmiljøet vårt.



## Dei sju fagområda:

*Barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdsett ulike uttrykk og meiningar. Barnet skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. ( Rammeplanen 2017)*

Fagområda dekker eit vidt læringsfelt og vil ofte vere representert samstundes i all leik og aktivitet. Dei enkelte fagområda vil vera synleg i barnehagen sine planar. Barnehagedagen skal by på utfordringar og aktivitetar for alle.

## Dei sju fagområda barnehagen skal arbeide med er definert i Rammeplanen:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

## I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Alle dei 7 fagområda skal ligge til grunn i all planlegging, planarbeid og målsetjingar i vårt arbeid.
- Dei vaksne skal vere seg medvitne på kvifor ein gjere som ein gjer, og kommunisere dette vidare til borna.
- Vi skal bruke dei sju fagområda i møter og planlegging i personalgruppa.



## Barn si medverknad

*Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barna skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. ( Rammeplanen 2017)*

## I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Vi skal bruke avstemmingar og demokratiske løysingar i planlegging i samarbeid med borna.
- Lese barn sitt kroppsspråk, tilby nye erfaringar og gjennomføre planlagte avtalar og rutiner.
- Det skal vere ein utstrakt og open dialog, kommunikasjon og samarbeid blant dei vaksne og foreldre/ pårørende
- Relasjonsbygging til barn- spesielt til dei som utfordrar (både stille og utagerande).



## Planlegging, vurdering og dokumentasjon:

### Planlegging:

*Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen. ( Rammeplanen 2017)*

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Mykid: vi skal bruke denne aktivt gjennom dagen- i- dag, bilete, kalender, oppslagstavle, barnemappar, «veggen» og turnus.
- Møteverksemda skal vere prega av synlege skriftlege planar, rutinar og mål etter møteplan.
- Foreldresamtalar, oppstartsamtalar, foreldremøte/ FAU/ SU og dagleg kontakt gjennom bringing/ henting/ SMS/ mail m.m. skal danne bakgrunnsmateriale for planlegginga.
- Vi bruker pedagogisk dokumentasjon retta mot barnegruppa: tema, oppslag på vegger/ permar, mediebruk, filmsnuttar og visuelle hjelpemidlar med utviklingsmoglegheiter i lag med borna.

### Vurdering:

*Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudmålet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. ( Rammeplanen 2017)*

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- «Alle Med»- møter, personalmøter, planleggingsdagar, foreldresamtalar, pedagogmøter og avdelingsmøter vert gjennomført.
- Progresjonsplanar, vaksenkontakt med kontaktskjema, barnesamtalen, ulike program, medarbeidarsamtalar, foreldreundersøking, evaluerings-/ vurderingskryss m.m. vert aktivt nytta i vårt vurderingsarbeid.

### Dokumentasjon:

*Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider med å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. ( Rammeplanen 2017)*

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Aktiv og kreativ bruk av MyKid, synlege utstilling av arbeid, månadsplanar og vekeplanar.
- Overhalda tidsfristar og gjennomføre evalueringar og rapporteringar.





## Overgangar

*Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Ved overgangar innad i barnehagen skal personalet sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjent med andre barn og anna personalet. Ved overgang til skulen skal barnehagen i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. ( Rammepleanen 2017)*

**Bjørnafjorden kommune har ein felles plan som skal sikra gode overgangar.**

### Tilvenning :

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Velkomstbrev til nye barn. Besøksdag i god tid før tilvenning. God tid og tilgjengelege vaksne i tilvenninga. Foreldra får styre lengda på tilvenninga sjølv innanfor rimelege grenser.

### Overgangar innad i barnehagen:

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Startar tidleg på våren med overføring og tilvenning frå ein avdeling til ein anna. Informasjonsskriv heim, og besøksdagar, 4- 10, på den nye avdelinga. Ser barnegruppa litt an på kor ofte og kor tidleg det er nødvendig og starte overføringa.

### Overgang barnehage – skule:

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Startar tidleg med samtalar med skulen. Besøksdagar, lesekompis og skulekameratar vert tidleg introdusert i siste barnehageåret, og barnegruppa og behova deira styrer tidspunkt for start tilvenning skulen.
- Overføringssamtalar mellom rektor/styrrar, og mellom pedagogisk leiar/ klassekontakt.

### Foreldresamarbeid:

*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. ( Rammepleanen 2017)*

#### I Strandvik barnehage kjem dette til syne:

- Kort veg til å ta kontakt
- Daglege samtalar
- Foreldresamtalar/oppstartsamtale/ overføringssamtalar/utvida samtalar ved særskilte behov.
- Skriv heim MyKid

- Bruker tid i tilvenning til å bli kjent
- Samarbeidsmøter med eksterne støttetjenester som PPT, Barnevern, helsestasjon, fysioterapeuter, ergoterapeuter m.fl.



### Foreldreråd (FAU) og Samarbeidsutvalet (SU)

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

### I Strandvik barnehage har vi fyljande informasjonskanalar:

- MyKid
- Årsplan, vekeplanar og månadsplanar
- 2 SU- møter i året
- Eigne FAU- møter + 2 foreldremøter i året
- Informasjonsskriv på mail eller gjennom MyKid
- Sensitiv informasjon vert sendt gjennom Digipost
- Bjørnafjorden kommune si heimeside: [Bjørnafjorden kommune \(bjornafjorden.kommune.no\)](http://bjornafjorden.kommune.no)



### Samarbeidspartnarar:

#### Helsestasjonen:

Helsestasjonen kan gje råd og rettleiing til personalet i barnehagen ved behov.

#### Pedagog-psykologisk Tenestekontor (PPT):

Dersom barnehagen ønskjer hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje til det. Foreldra kan også sjølv ta kontakt med PPT på eige initiativ. Dersom eit barn får spesialpedagogisk hjelp er det spesialpedagogar frå Fagsenteret som utøver hjelpa.

#### Barneverntenesta:

Barneverntenesta kan vera ein god støttespelar i vanskelege situasjonar. Barnehagen vil alltid vera i dialog med foreldra og tek aldri kontakt med tenesta utan å informera foreldra først.

Barneverntenesta gir råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema. Alle tilsette i barnehage har opplysningsplikt til barnevernet etter §46 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt.



**Ressursteam:**

Representantar frå helsestasjonen, PPT og barneverntenesta har faste møte med styrar og/eller pedagogiske leiarar i kvar barnehage. Med samtykke frå føresette kan ressursteamet delta i felles refleksjon, observasjon av samspel, leik og samhandling og liknande knytt til det ein skilde barnet.

**Andre samarbeidspartnarar Strandvik barnehage har:**

- Strandvik Montessori
- Joker Strandvik
- Strandvik vekst
- Grendahuset
- Kyrkjekontoret

**Pedagogisk årshjul for Strandvik barnehage**

MÅNED	Tema/Prosjekt	Kvifor	Korleis
	<b>Identitet frå individ til heimlass:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på individet åleine og i fellesskapet, og jobbe mot mobbing og krenking gjennom leik og positivt samhold i gruppa.</li> <li>• Daglege fysiske utfordringar</li> <li>• Teikn- til- tale som kommunikasjonsstøtte</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jobbe med vaksen- barn relasjon. Bruke bygda, nærmiljøet, reising i eigen kommune og jobbe med sjølvle individet og eigen kropp.</li> <li>• Vere fleksibel og sjå heile huset under eitt- eit personal/ ei barnegruppe.</li> <li>• Like teikn på heile huset, synleg oppslått på veggar og gjennomgått i samlingsstundar og personalmøter. Bruke teikn aktivt saman med barna.</li> </ul>
	<b>Verktøy vi bruker heile året:</b>	<b>Røris, Salaby, Bravo, Steg for steg, Grønne tanker – glade barn,», Barnas trafikkklubb, Bjørnis, «Eldar og Vanja», Henri- 1.hjelp, barnet sin perm/ dagen- i- dag aktivt i MyKid.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke verktøya aktivt i kvardagen gjennom planlegging og gjennomføring saman med barna.</li> </ul>
<b>August</b>	Tilvenning nye barn:  Individet	Trygge barn som ynskjer å vere i barnehagen  Etablere grupper/ venner i leik og introdusert regler/ grenser for samvær i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God tid, nære vakne og primærkontakt.</li> <li>• Innføring gjennom rutinar, samlingsstund, frileik og aktiv bruk av dagtavle og gruppeaktivitetar.</li> </ul>
<b>September</b>	Individet	Kvar enkelt skal finne sin plass i gruppa aldersdelt, i heimen og i storgruppa barnehage	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga hus: Kven er eg i familien min?</li> </ul>

	Hausten +okt/nov Brannvernsvеke	Bli kjend med hausten som årstid 38 og 39: Gjennomfører nasjonal brannvernsvеke	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ut i naturen</li> <li>• «Eldar og Vanja», «Bjørnis», brannøving og besøk av brannbil/brannmannskap.</li> </ul>
<b>Oktober</b>	Startar vanntilvenning i sjø.  Identitet  «Trygg i trafikken»  Foreldremøte	Gjennomføre 2 kurs med instruktør og 3 5-åringar  Kvar bur eg??  Køyre prosjekt frå «Trygg trafikk»  «Nye og gamle» foreldre møtes og får ei felles forståing for drifta og felles samhald kring barnegruppa.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bading i sjø med vådrakt og vest.</li> <li>• Me finn ut kor dei ulike borna bur i Strandvik-bygdo</li> <li>• Brukar «Barnas trafikkklubb», og me gjennomfører sykkeldag.</li> <li>• Trafikksikker kommune, uteareal, foreldreundersøking og vatntilvenning.</li> </ul>
<b>November</b>	Identitet  Farsdag  «Trygg i trafikken»  Planleggingsdag	Kven er eg i veneflokken? Kva vil det seie å vere ein god ven?  Markerer denne før 14/11  Jobbar vidare med «Barnas trafikkklubb» og Henri: fyrstehjelp  Barnehagen stengt fredag 5/11	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me jobbar prosjekt vennskap etter eigen plan.</li> <li>• Lager kort eller gåve til far.</li> <li>• Brukar «Barnas trafikkklubb» og «Henri»</li> <li>• Utviklingsdag for personalet</li> </ul>
<b>Desember</b>	Grautdag/raud dag  Luciadagen  Julebord/-lunsj  Felles adventsstund	Me markerer starten på advent med nissefest 1/12  Me markerer luciadagen 13/12  Mandag 20/12  Markerar advent kvar mandag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kler oss i raudt og har grautfest</li> <li>• Baker lussekatter + tog og kler oss i kvitt</li> <li>• Lagar oss deilig felles lunsj</li> <li>• Begge avdelingane samlast til ljostenning og song i gangen kl. 09.00</li> </ul>
<b>Januar</b>	Bjørnafjorden kommune: frå individet til deltakar i ein kommune.  Vinter + des/feb	Innfører og implementerer slagord, misjon, visjon og verdier for Bjørnafjorden kommune.  Blir kjend med vinteren som årstid	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Feirar 2 år som «ny» kommune med å introdusere vår tanke i Strandvik barnehage om slagord, misjon, visjon og verdier gjennom kart og visualisering i bilete/oppslag.</li> <li>• Ut i naturen og utforskar elementa som snø/is</li> </ul>

<b>Februar</b>	6. februar: samedag  Andre nasjonaliteter i barnehagen  Morsdag	1 veke med markering av samiske tradisjonar der me utforskar andre kulturar og levesett før og no  Estisk, ungarsk og tysk  Markerer denne før 13/2	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me gjer «djupdykk» i andre sine tradisjonar, vaner og levesett. Høyrer på musikk, ete mat, utforskar landet på nett og i bilete, flagg og tradisjonell bekledning.</li> <li>• Lager kort eller gåve til mor.</li> </ul>
<b>Mars</b>	Rockesokk  Barnehagedagen 15. mars	Markerer internasjonal dag for Downssyndrom 21.03: me er ulike i lag.  Vi markerer nasjonal barnehagedag etter eit fast tema som ikkje er sett pr. 1/10-21	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfordrer til bruk av ulike sokker og knipser bilder- markerer med fellesdans/ samling (Bli med!!)</li> <li>• Me jobbar ut eigen plan for markering denne dagen når det nærmar seg.</li> </ul>
<b>April</b>	Påske  Kjøkkenhagen og vår +mars/mai  Vatntilvenning i sjø	Markerer tradisjonar knytt til norsk påskefeiring  Bli kjend med våren som årstid, og kva som spirer og gror no.  Me driv med aktiv bading i sjø frå starten av april med førskulegruppa primært.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lagar påskepynt, besøkjer kyrkja (?), syng og les om påsken som norsk tradisjon</li> <li>• Me ryddar i hagen, forplantar og bruker naturen kring oss.</li> <li>• Me badar med våtdrakter og vestar, og leiker oss i sjøen</li> </ul>
<b>Mai</b>	17. mai markering: individet i landet Noreg  Planleggingsdag	Me markerer 17. mai som norsk tradisjon med flagg, tog og song  Barnehagen stengt 27.05	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me brukar same plan som i 2021, og markerer dagen på same måte 16/5</li> <li>• Utviklingsdag for personalet</li> </ul>
<b>Juni</b>	Vatntilvenning i sjø  Avslutning  Me ryddar barnehagen	Me driv med aktiv bading i sjø med førskulegruppa primært.  Me takkar av dei som skal slutte dette barnehageåret torsdag 9/6.  Me klargjer barnehagen til nytt barnehageår	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me badar med/utan våtdrakter og vestar, og leiker oss i sjøen</li> <li>• Me samlar til ein uformell ettermiddagsstund i barnehagen.</li> <li>• Me ryddar, vaskar, hiv og fikser.</li> </ul>
<b>Juli</b>	Ferietid	Barnehagen er stengt v. 27-28-29-30 (04.07 t.o.m 31.07)	